



**Vår sakshandsamar:**

Heidi Vederhus

**Vår ref:**

17/60-37

**Dato:**

09.01.2023

## Kommunale retningslinjer for økonomisk sosialhjelp 2023

Retningslinjene er godkjend av helse- og sosialutvalet i sak xxx med utgangspunkt i rettleiande statlege normer, jfr. rundskriv A-5/2023 datert 19.12.2022.

I all sakshandsaming vert å ta omsyn til Rundskriv til Lov om sosiale tjenester i NAV av 22.06.12 med siste revisjon 29.09.2022. der det er understreka at retningslinjer er utgangspunkt for skjønn, med vekt på individuell vurdering.

Stryn kommune følg til kvar tid gjeldane statlege rettleiande retningslinjer for økonomisk stønad:

[Statlege satsar økonomisk sosialhjelp 2023](#)

Arbeids- og velferdsdirektoratet har utarbeidet en ny veileder om økonomisk stønad etter sosialtjenesteloven på oppdrag fra Arbeids- og inkluderingsdepartementet, publisert 16.12.2022, oppdatert 19.12.2022. Dette skal vere grunnlag for saksbehandling av økonomisk stønad.

[Veileder om økonomisk stønad etter sosialtjenesteloven](#)

### *Kommunale retningslinjer:*

#### **Norm for buutgifter pr. mnd:**

1 person	6 800
2 personar	7 800
3 personar	9 200
4 personar	11 000

Dersom heimebuande ungdom mellom 18- 25 år disponerer bueining som elles er utleigeobjekt, er det høve til å godkjenne dokumentert, rimeleg buutgift i tillegg til norm på kr. 4 380 pr. mnd. Det er høve til å godkjenne dokumentert buutgifter for heimebuande ungdom på kr. 1 300 pr. mnd.

#### **Prinsipp ved tildeling:**

1. Norm for livsopphald skal i utgangspunktet dekkje naudsynte utgifter til livsopphald og personlege tilhøve (mat, klede, telefon, toalett- og reinhaldsartiklar, aviser, internett, rimeleg fritidsaktivitetar, småutgifter til transport, mindre eigendel / utgift ved sjukdom) m.m.
2. I den individuelle vurderinga vert å ta særleg omsyn når det er barn i husstanden. Utgifter til for eksempel fritidsaktivitetar, utstyr til barn, bursdagar, jul og liknande skal særleg vurderast ved utmåling av familien sitt bidrag til livsopphald.

3. Som naudsynte buutgifter vert rekna husleige, renter på bustadlån, husforsikring, straum/brensel, kommunale avgifter. Avdrag på bustadlån vert vurdert særskilt, men er som hovudregel ikkje dekkja av sosialhjelp.
4. Vaksne i felles hushald og utan gjensidig forsyttaransvar, får fråtrekk i norm ut frå konkret vurdering.
5. For vurdering av søknad om sosialstønad til større kostnader ved tannbehandling skal føreligge kostnadsoverslag og vurdering frå tannlege.
6. NAV-leiar kan innvilge tilskot eller lån til nøktern etablering i eigen heim for flyktningar og andre utan startkapital. Maks sum for full etablering er inntil kr. 50 000. Tillegg for ektefelle/sambuar; kr. 5 000. Tillegg pr. barn ; kr. 5 000.
7. Eingongsstønad, barnebidrag, barnepensjon, tilskot til barnetilsyn og kontantstøtte vert rekna som inntekt.
8. Barnetrygd skal ikkje reknast som inntekt ved utmåling av sosialstønad
9. Barnebidragsplikt vert ikkje dekkja av økonomisk sosialstønad
10. Bruk av vilkår og reduksjon av stønad som følge av brot på vilkår skal skje etter regelverket i Sosialtenestelova § 20.
11. Det vert i den skjønsmessige vurderinga lagd vekt på at sosialhjelp skal sikre forsvarleg livsopphald samstundes som det vert teke omsyn til det generelle inntektsnivået og levekostnadene i lokalsamfunnet. Nivået skal ikkje vere slik at det verkar demotiverande å verte økonomisk sjølvhjelp ved ordinære inntekter.
12. NAV-kontoret kan nytte eit tillegg til norma som stimulans for søkjar som går på praksisplass og som har særlege vanskar med å kome inn på arbeidsmarknaden og/eller har hatt trong for sosialhjelp over lengre tid. Tillegg skal vere individuelt tilpassa basert på skjønsmessig vurdering. Øvre grense kr. 2 200,- pr. mnd.

Helsing  
Stryn kommune, Helse og sosial

Heidi Vederhus  
kommunalsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*